



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkesrådet for funksjonshemma</b>
<b>Møtestad</b>	<b>NAV-Høyanger/Øren Hotell</b>
<b>Møtedato</b>	<b>26.11.2014</b>
<b>Kl.</b>	<b>10.30-14.30</b>

**Faste medlemer til stades:**

Norunn Lunde Furnes, Odd Atle Stegegjerdet, Solfrid Fossberg, Gerd Bjørkedal

**Forfall til møtet:** Solfrid Lillebø, Geir Liavåg Strand

**Varamedlemer til stades:** Gerd Bjørkedal, Alfred Brusegard

**Til stades med møte- og talerett:**

**Sekretariat for møtet:** Anne-Kjersti Stavø Stenehjem

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet handsama sakene i ope møte.

Møtebok frå 09. september 2014 vart godkjend utan merknader.

I første del av møtet deltok representantar frå NAV Høyanger og Balestrand, som orienterte om arbeidet med å få ungdom med nedsett funksjonsevne i arbeid. Nøkkelord for dette arbeidet er å få bedriftene til å kjenne sitt samfunnsansvar og inkluderingskompetanse. I tillegg orienterte dei om prosjekt i Elvegata, der det er sett av ein 100 % ressurs frå NAV for å få ungdom og andre i arbeid. Det er drift av bruktbbutikk, som òg er samordna med introduksjonsprogram for flyktningar.

Joar Helgheim som er prosjektleiar for regional plan for folkehelse, informerte vidare om den regionale planen for folkehelse, kvar ein stod i planarbeidet, korleis dei har fått innspel til handlingsprogram og korleis fylkesrådet kan medverke til iverksetjing.

Fylkesrådet var einige om at ein kunne sende inn innspel frå sine organisasjonar til prosjektleiar Joar Helgheim fram til februar.

**Følgjande skriv vart lagde fram til orientering:**

**Meldesak 1) Interpellasjon i fylkestinget og svar frå fylkesordførar**

I fylkestinget 14. oktober hadde Norunn Lunde Furnes ein interpellasjon om drosjetakstar for rullestolbrukarar. Fylkesordføraren svara på interpellasjonen til slutt i tingseta. Norunn orienterte kort om interpellasjonen til resten av fylkesrådet i møtet. Interpellasjonen og svar på interpellasjon vert sendt på e-post frå sekretær til medlemmene i fylkesrådet, i etterkant av møtet.

Konklusjon/vedtak: Medlemmene tok informasjonen til vitande.

**Meldesak 2) Oppsummering frå møte på NAV - hjelpemiddelsentralen 9. september 2014**

Er det noko av det som det vart informert om på hjelpemiddelsentralen som fylkesrådet skal jobbe med neste år ? Innspel frå medlemmene i fylkesrådet.

Fylkesrådet uttrykte at det hadde vore ei nyttig omvising med god informasjon. Medlemmene vart einige om at fylkesrådet bør ha fokus på koordinatorrolla som alle kommunane skal ha mot NAV hjelpemiddelsentralen, korleis dette fungerer og korleis fylkesrådet kan arbeide vidare med dette i 2015.

Gerd stilte spørsmål til NAV hjelpemiddel sentralen (09. september) om korleis dei med psykiske lidningar vert inkludert i arbeidslivet, men fekk ikkje noko klart svar. Gerd konkretiserer dette innspilet på e-post til medlemmene i fylkesrådet, og undersøker saka vidare.

Konklusjon/vedtak: Fylkesrådet skal ha fokus på koordinatorrolla mellom kommunane og NAV hjelpemiddelsentralen i 2015.

**Meldesak 3) SOR-konferansen**

Orientering frå SOR-konferansen ved Norunn og Odd Atle som var deltakarar på konferansen. Programmet for konferansen finn de her:

<http://www.samordningsradet.no/kurs/pop.cfm?FuseAction=Doc&pAction=View&pDocumentId=55759>

SOR – konferansane i 2015 er 4. -5. mai, og 21. – 22. september.

Konklusjon/vedtak: Medlemmene tok informasjonen til vitande.

**Meldesak 4) Referat frå ad-hoc møte 18. august**

Referatet frå møtet 18. august som vedlegg, og til orientering.

Konklusjon/vedtak: Medlemmene tok referatet til vitande.

**Meldesak 5) Finansutvalet sitt vedtak 24. september 2014 om samanslåing av fylkesråda**

Det vart i Finansutvalet 24. september fatta vedtak om «felles råd» i budsjettframlegget. Fylkesrådet for eldre og fylkesrådet for funksjonshemma er lovpålagde organ, men fylkestinget kan bestemme at det skal vere personsamanfall og samtidige møte i dei to råda. Råda har i dag 5 medlemmer kvar. Fylkesråda disponerer i dag til saman 0,24 mill. kr til drift av råda. Gjennomsnittleg kostnad pr. ordinært medlem er kalkulert til om lag 20 000 kr pr. år. Ved oppretting av «felles råd» på medlemmer kan det samla driftsbudsjettet halverast til 0,12 mill. kr.

Norunn la fram eit notat i møtet. Det vart gjeve innspel frå medlemmene til notatet. Norunn sender førespurnad til fylkesordførar, om å få taletid på fylkestinget i desember.

Konklusjon/vedtak: Norunn sender det redigerte notatet til fylkesrådmannen. Solfrid og Gerd tek kontakt med media for å få fokus på saka.

**Meldesak 6) Budsjett og økonomiplan**

Det er frå fylkesrådmannen framlegg om å utgreie 3 mill. i reduksjon i tilrettelagt transport (TT). Dette er i samband med økonomiplanen, og vil tidlegast gjelde frå 2016. Det vart i finansutvalet lagt fram fylgjande endringsframlegg frå Krf: «Finansutvalet sluttar seg til samferdsleutvalet si skjjerming av TT-ordninga og service-skyssen». Framlegget fall.

Norunn la fram eit utkast til uttale frå fylkesrådet i møtet. Alfred Brusegard vert sett opp som kontaktperson mot media.

Konklusjon/vedtak: Norunn sender den korrigerde uttalen til fylkesrådmannen og media.

**Meldesak 7) Ymse**

Felles møte med fylkesråda i Hordaland, Møre og Romsdal. Medlemmene sender innspel til tema som kan vere aktuelle på fellesmøtet, til sekretær innan 19. desember 2014.

**SAK 10/14 Fylkesrådet for funksjonshemma - møteplan 2015**

**Sekretæren rår fylkesrådet for funksjonshemma til å gjere slikt vedtak:**

Møteplan for 2015 vert vedteken slik den ligg føre:

10. februar 2015  
23. mars 2015  
09. juni 2015  
22. september 2015  
12. november 2015

-----  
**SAK 11/14 Val av medlem til brukarutval i Sogn og Fjordane for perioden 2015 - 2016**

**VEDTAK:**

Fylkesrådet for funksjonshemma gjer framlegg om at det for perioden 2015 – 2016 vert valt medlem til brukarutvalet i Sogn og Fjordane slik:

Medlem: Alfred Brusegard

-----  
**SAK 12/14 Skriv og melding 26. november 2014**

**VEDTAK:**

Fylkesrådet for funksjonshemma tek skriv og meldingar til vitande